

Eigenandel ved kjøring av utviklingshemma

Kommunestyret i Karmøy gjorde 21. september 2020 følgjande vedtak:

«- det jobbes for at gruppene (eldre og utviklingshemmede) harmoniseres i løpet av en treårsperiode med start i 2021»

Dette førte til at satsen for utviklingshemma auka frå kr 41 i 2020 til kr 57 i 2021 og for eldre kr 90 til 95 tur/retur dagavdeling. Aukinga held fram dei neste to åra, slik at satsen for utviklingshemma blir kr 95, same sats som dei eldre betalar tur/retur dagtilbod. Prisen vil bli om lag 1900 kroner per måned om to år med prisane i dag, meir enn det doble ein del av dei utviklingshemma får i betaling per måned for å arbeida på Solstein, til dømes. Eit busskort i dag kostar kr 300 for ein måned. Enkelte av dei utviklingshemma kan ta buss, og betaler då kr 300 i månaden for å koma seg til/frå arbeid .Kvifor ikkje harmonisera eigenandel for taxi mot det dei må betala for å ta buss?

Vi meiner at det er feil å harmonisera betaling for eldre og utviklingshemma. Utviklingshemma dreg til arbeidsplassen 4 eller 5 dagar i veka og må betala denne høge eigenandelen eit heilt yrkesliv. Dei eldre har sluppe å gjera dette i eit langt yrkesliv og det er vel ikkje vanleg at dei dreg på dagsenter så mange dagar i veka heile året

Forslag: Stopp harmoniseringa av eigenandelane mellom eldre og utviklingshemma og gå tilbake til satsane i 2020.